



Produsent Odd Syse i Rosendal, som han meiner har alt dei treng for tv-produksjon

TV Norge har eit klårt suksesskonsept som heiter 71 grader nord og endeleg kjem også Ulvanåsø til sin rett når innspillingen av den sjuande serien av Norges tøffeste kjendis no er godt igang. Produsent Odd Syse opplysar i Rosendal ikveld til uskedalen, no at heile program nummer 3 kjem til å handla om Uskedalen og då er det all grunn til å anta at yndlingsfjellet vårt vil stå sentralt, sjølv om kjendisane neppe tek fatt på dei mest krevjande rutene. For TV Norge har Rosendal vorte ein yndlingsbase i samband med denne serien men Uskedalen har bare vore innoom ein gong, då ein rodyst starta her. No kjem truleg uskedalprogrammet til å slutta med ei tevling som sluttar med at ein av dei 10 må dra heim

Ikveld har opptaka vore igang på Fonna, Dei starta som alltid på Lindesnes og startskotet gjekk 2, september. Her i Kvinnherad vert det som ein forstår spela inn 2 bolkar.

Serien vert sendt til våren, når er ikkje avgjort, Konseptet er spesielt, så spesielt at det saknar sin make i verda hevdar produsenten når grunnen til suksessen kjem på tale. Syse gjennomførte turen 3 gonger berre ifjor men programleiar Tom Stiansen har 17 turar bak seg på 10 år.

Denne gongen har han med sin gamle alpinkollega Hans Petter Buraas medan dei andre er Siri Kristiansen (tv), Anders Jacobsen (hopp), Cathrine Larsåsen (stavhopp), Jonas Kinge Bergland (komiker), Erlend Elias (stylist), Thomas Ulsrud (curling) Agnete Kristin Johnsen (artist) og Kristin Størmer Steira (ski)

- Vi vil ha med spreke folk både frå sport og kultur, seier produsenten, Og tysdag er det vår tur.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen